

Infohefte for lærarar – Vinter

Innhald:

1. Førebuing til opphaldet
2. Forventningar til leirskulepersonalet
3. Forventningar til de som lærarar
4. Møteplan måndag
5. Reglar
6. Detaljert tidsprogram
7. Generell info

1. FØREBUING TIL OPPHALDET

- Samle inn samtykkeskjema ifm bruk av bilete.
- Få oversikt over eventuelle allergiar.
- Gå gjennom reglar, program og pakkeliste saman med elevane.
- Lage romfordeling
- Vi har ei kort innføring i kart og kompass på leirskulen. Det kan vere ein fordel å ha presentert temaet på førehand om det let seg gjere.
- Samtal med elevar om det å sove vekke.
- Ta stilling til om elevane skal ha med seg telefon/eventuelt kor tid telefonen skal brukast.
- Ta stilling til om elevane skal ha ein makssum dei kan handle for i kiosken.
- La elevane få litt tid til å førebu innslag til program siste leirskulekvelden. Dette kan vere song, dans, stand-up, leikar, m.m.
- Tipse elevane om at alle kle bør merkast godt.
- Lodde stemninga for om nokon er interessert i å sove ute siste natta. Legg merke til at dette må vere i følgje med lærar. Leirskulelærarane har ikkje høve til å sove ute.

2. FORVENTNINGAR TIL LEIRSKULEPERSONALET

- To leirskulelærarar er til stades frå frukost til middag, og ein frå middag til kvelds.
- Lager frukost, middag og kvelds.
- Følgjer opp forsterka reinhaldsplan.
- Styrer kiosk.
- Aktivitetar på dagtid blir styrt av leirskulelærarane.

- Det blir tilbod om aktivitetar mellom middag og kvelds.

3. FORVENTNINGAR TIL DE SOM LÆRARAR

- Vekke elevane om morgonen og få dei i seng kvelden.
- Passe på at elevane møter presise til måltid og aktivitetar.
- Delta på aktivitetar saman med elevane.
- Hjelpe å motivere elevane til aktivitetar på kveldstid.
- Hjelpe til å fylle termosar under frukosten.
- Minne elevar på å henge opp kleda på tørkerom/-skap.
- Inndeling av Survive-grupper
- Følgje opp og minne elevane på smittevernreglar.
- Rominspeksjon før kiosk.
- Rominspeksjon ved heimreise.
- Gå brannrunde etter at elevane har lagt seg kvelden.

4.MØTEPLAN MÅNDAG

- Utveksle telefonnummer
- Gjennomgang av brannrunde, brannrutinar og fylle ut romoversikt
- Gjennomgang av beredskapsplan
- Forventningar
- Program
- Gjennomgang av survive og inndeling av grupper
- Rutinar kiosk
- Særskilte behov

5. REGLAR

- Alle skal vere ein god kamerat og gjere sitt for at leirskuleopphaldet blir triveleg.
- Alle hjelper til med å halde orden på soverom og i fellesareal inne og ute. (Romma skal godkjennast kvar dag. Sjøppe skal kastast i søppekbøtter. Innesko skal brukast inne og utesko skal brukast ute).
- Ver varsam med inventar og utstyr.
- Møt presis til undervisning og arbeidsoppgåver.
- Ingen må gå vekk frå leirskuleområdet åleine og utan å gje beskjed.
- Vis naturvett.

- Vis god bordskikk. (Tilpass lydnivå. Ingen går frå bordet før alle er ferdige å ete.)
- All bruk av open eld må avtalast med leirskuleleiinga.
- Sko og klede skal berre tørkast på tørkerommet eller i garderbane.
- Det skal vere ro på romma kl. 22.00.
- Dersom skulen vel at elevane skal ha med telefonar, skal desse berre nyttast etter kvelds og fram til leggetid.
- Røyking er forbode.
- Elevane rullerer på kjøkkenteneste. Brot på desse reglane kan føre til heimsending på eiga rekning. Ved heimsending som følgje av disiplinære årsakar, har ein ikkje krav på tilbakebetaling av innbetaling av kost/losji/undervisning.

6. PROGRAM

MÅNDAG:

- 12:00 Ankomst og innlosjering på rom
- 12:30 Varm lunsj og oppstartinfo
- 14:00 Oppmøte utanfor hovudbygg med skiutstyr
- 14:00–15:30 Samarbeidsaktivitetar
- 16:00 Middag – kjøttkaker m/tilbehør
- 17:00 Innføring i kart og kompass medan lærarane har infomøte med personal.
- 19:30 Kvelds
- 21:30 Kveldsstell
- 22:00 God natt

TYSDAG:

- 8:00 Vekking og morgonstell
- 8:30 Info om dagen, frukost, smøre niste og fyller termosar
- 10:30 Oppmøte i Survive-grupper utanfor bygga. Alt utstyr må vere klart.
- 10:00–15:00 Survive
- 15:45 Gjennomgang av dagen og annonsering av vinnarar
- 16:00 Middag – lasagne m/tilbehør
- 17.30 Kiosk
- 18.00 Disco

- 19:30 Kvelds
- 21:30 Kveldsstell
- 22:00 God natt

ONSDAG:

- 8:00 Vekking og morgonstell
- 8:30 Info om dagen, frukost, smøre niste og fylle termosar
- 10:00 Oppmøte utanfor hovudbygget med skiutstyr
- 10:15–15:00 Winter games – aktivitetar med og utan ski i området rundt leirskulen
- 16:00 Middag – kyllinggryte
- 17:30 Kiosk
- 18:00–19.30 Bingo
- 21:30 Kveldsstell
- 22:00 God natt

TORSDAG:

- 8:00 Vekking og morgonstell
- 8:30 Info om dagen, frukost, smøre niste og fylle termosar
- 10:00 Oppmøte utanfor hovudbygget med skiutstyr
- 10:00–15:00 Langrennstur eller topptur 16:00
- 16.00 Middag – risengrynsgraut
- 17:00 Kiosk
- 18:00–20:00 Avslutningskveld med pizza på bål eller inne. Program frå elevar
- 21:30 Kveldsstell
- 22:00 God natt. Dei som vil kan sove ute denne kvelden i følgje med eigen lærar.

FREDAG:

- 8:00 Vekking og morgonstell
- 8:30 Info om dagen og frukost
- 9:00–11.00 Rydding, støvsuging og betaling av kiosk. Ute leik dersom tid
- 11:00 Varm lunsj
- 12:00 Avreise

7. GENERELL INFO

Oppmøte og heimreise:

Felles oppmøte for alle elevar kl. 12.00 måndag og heimreise kl. 12.00 fredag. Dersom dette ikkje er mogleg, må de kontakte leirskulen på førehand.

Topptur: Dei som vil gå på topptur til Bergsetnakken torsdagen må ha med enten randonee- eller fjellskiutstyr. Hjelm må brukast.

Internett: Leirskulen har internett som lærarane kan nytte.

Foto: Leirskulen har ynskje om å få ta bilete under aktivitetar som vi kan bruke både til Naturleg Aktiv si nettside og facebook og/eller instagram. De finn samtykkeskjema på nettsida som elevane kan fylle ut på førehand.

Underhaldning: Siste kvelden blir det program der det er fint om elevane bidreg med underhaldningsinnslag. Dette kan vere dans, song, stand-up, sketsjar, leikar, quiz, m.m.

Tørking: Hovudhuset har eit tørkerom til kle og sko. Det er i tillegg skotørkarar i dei andre bygga.

Hoppbakke: Det ligg eit stort hoppanlegg rett bak leirskulen. Dette blir brukt i programmet, men kan ikkje nyttast elles utan avtale med leirskulelærarane.

Kart og kompass: På survive (tysdag) skal elevane lære å bruke kart og kompass for å finne postar i området rundt leirskulen. Det blir ein gjennomgang av dette måndag, men det kan vere lurt å ha ei lita innføring av dette før opphaldet. Vi lærer elevane å rekne avstand, ta ut kompasskurs og lese kart.

Kiosk: Det blir enkel kiosk kvar kveld. Det blir sal av: Brus kr 35,- Sjokolade kr 25,- Chips kr 35,- Vi tek imot kontantar, kort og Vipps, med foretrekker kort. Det kan vere lurt å bestemme ein makssum per elev før opphaldet.

Allergi: Det er viktig at skulane gir beskjed i god tid om eventuelle allergiar. Vi tilpassar all mat så lenge vi veit om det i god tid.

Overnatting ute: Det er mogleg at elevane overnattar i Villmarksleiren siste natta. Leirskulelærarane har ikkje høve til å sove ute, og elevane må difor ha med eigen lærar. Det er viktig med varm/tjukk nok sovepose.

Brann: På infomøte måndag går vi gjennom brannrunde og –rutinar. Lærar får ansvar for å gå brannrunde kvar kveld. Det er ikkje nødvendig med våken nattvakt.

Velkomne til Stryn leirskule!